

MELAND KOMMUNE
Havnevegen 41A
5918 FREKHAUGDato: 09.10.2019
Vår ref.: 2019/20-12
Saksbehandlar: Bjørg Larsen
Dykkar ref.: 16/2946-19/20863

Utbetaling spelemidler 2019 Vestbygd skule kunstgrasbane anleggsnr 59871 - Meland kommune

Vi har motteke dykkar brev av 8. oktober 2019 med oppmoding om utbetaling av løyvde spelemidler 2019 til Vestbygd skule kunstgrasbane.

Vedlagt følgde ferdigattest og sluttrekneskap, stadfesta av kommunerevisjonen.

Nordre Holsnøy idrettslag fekk tildelt kr 583 000,- til kunstgrasbane. Revidert sluttrekneskap var på kr 1 760 704,-. Spelemidler vert betalt ut med inntil 1/3 av prosjektet sin totalkostnad for ordinære anlegg.

Etter dette kan vi melde om at kr 583 000,- av løyvde spelemidler 2019 vert overført til Meland kommune over bankkonto 1503 18 83722.

Vi ber om at de står for utbetaling av løyvinga etter gjeldande reglar.

Klagerett:

Forvaltningslova gjev søkjarar om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

Britt Karen Spjeld
Leiar

Bjørg Larsen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.